



## Notat

Dato: 10.10.2016  
Arkivsak: 2014/19439-104  
Saksbehandlar: arnasan

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

### Tilleggsinformasjon - tannhelsetilbodet i Etne kommune

Fylkestannlegen hadde 27. september 2016 møte med Etne kommune om framtidig organisering av tannhelsetilbodet i Etne.

Etne kommune opplyste om planer for å etablere eit nytt helsecenter i Etne, og som kunne vera eigna lokalisering av ny tannklinikks for både Etne og ev for både Etne og Vindafjord. Bygging av dette helsecenteret ville tidlegast starta i 2019.

Fylkestannlegen informerte også på møtet om at tannhelsetilbodet i Etne kommune dei siste 2,5 åra har vore eit typisk eksempel på kor sårbart eit lite fagmiljø er. Sidan tidlig på 1980-talet – og fram til 2014 - har Etne kommune hatt ei stabil tannlegedekning. Dette fordi tannlegen som då fekk stilling i tannhelsetenesta i Hordaland busette seg i Skånevik. I 2014 vart vedkomande sjuk, og det viste seg raskt vanskelig å få vikar. I lang tid stod vikariatet ubemanna, og tannlegar frå Stord tannklinikks reiste av og til for å gi eit tilbod i Etne. Den siste tida var det tilsett vikar som vekependla frå Kristiansand.

Det er nå tilsett ein ung, nyutdanna tannlege i fast stilling i Etne, og for igjen etablira eit godt og stabilt tannhelsetilbod i Etne er det avgjerande å prøva stabilisera vedkomande i stillinga. Det kan best gjerast ved å etablira eit større fagmiljø som vedkomande kan gå inn som ein del av. Ein felles tannklinikks med 6 behandlingsrom som gir eit tannhelsetilbod både til innbyggjarar i Etne kommune og i Vindafjord kommune vil utgjera eit slikt stabiliseringe fagmiljø.

Det er to hovudgrunnar til at fylkesrådmannen tilrår at ein felles tannklinikks mellom kommunane Etne og Vindafjord blir lagt til Ølen:

- **Befolkningsgrunnlag** – i Vindafjord kommune er det om lag 8800 innbyggjarar, og i Etne kommune er det om lag 4100 innbyggjarar. Avstanden mellom dei to kommunenesentra er 12 km.
- **Tidsperspektiv** – fylkestannlegen i Rogaland har opsjon på eit godt eigna areal til tannklinikks sentralt i Ølen. Ny felles tannklinikks i Ølen vil kunna vera klar i 2017, medan bygging av eit ev helsecenter i Etne vil tidlegast kunne starta i 2019.